

Årsrapport 2015

Fagnettverk barn og unge FOUSAM



Innhold

Om nettverket	3
Organisering av nettverket.....	3
Medlemmar av ressursgruppa for Fagnettverk barn og unge 2015:	3
Aktivitet i nettverket	4
Møta i ressursgruppa for nettverket.....	4
Arbeidsområda for nettverket	5
Kompetanse:.....	5
Utviklingsarbeid/prosjekt	6
Pasientforløp/tiltakskjede	7
Oversikt og informasjon	7

Om nettverket

Fagnettverket Barn og unge, vart etablert våren 2015 med første møte 7. mars. Bakgrunn for etableringa var innspel til FOUSAM frå kommunar i regionen, at dei såg behov for ei samordning og betre oversikt på kontaktpunkt med føretaket innafor kompetansedeling, prosjekt og arbeidsgrupper med meir. FOUSAM gjorde på oppdrag frå Samhandlingsutvalet, ei utgreiing i samarbeid med føretaket og med innspel frå kommunane. Denne bekrefta behovet for eit fagleg nettverk med fokus på barn og unge.

Nettverket er oppretta av og har fått mandat frå Samhandlingsutvalet. Dette er det femte fagnettverket som er forankra i den nye samhandlingsstrukturen i regionen, med samarbeid mellom kommunane, Høgskulen Stord/Haugesund og Helse Fonna HF. Eining for forskning og utvikling innan samhandling, FOUSAM www.fousam.no, har ansvar for å starte opp faglege nettverk, følge opp arbeidet og ha kontaktperson i alle nettverk.

Nettverket er tverrfagelig samansett og har representantar frå både oppvekst og barnehage/skule, helse og førebyggjande arbeid, brukarutval, høgskule og ulike område i spesialisthelsetenesta. Kompetanse på både utøvande nivå og leiarnivå er ivareteke.

I mandatet for nettverket heiter det:

«Målet med nettverket er å bidra til koordinering av kompetansetilbod, utviklingsarbeid og tiltak/prosjekt, for slik å sikra likeverdige tenester til barn og unge i Helse Fonna sitt opptaksområde.

Nettverket skal sikre system for å bringe opp aktuelle tema for fellesprosjekt og ha oversikt på kompetansedeling og tilbod. Nettverket skal bidra til å avdekke flaskehalsar og overlappande samarbeidsområder.»

Organisering av nettverket

Fagnettverket med fokus på barn og unge er organisert med ei ressursgruppe som representerer alle partar og instansar som varetek barn og unge med helseutfordringar og deira pårørande. Representantane i ressursgruppa har ansvar for god kommunikasjon med partane/instansane dei representerer.

Medlemmar av ressursgruppa for Fagnettverk barn og unge 2015

Leiar av nettverket

Linda Hellen, verksemdsleiar i Barne - og Familietenesta Bømlo kommune og representant for kommunane i Sunnhordaland

E-post: linda.hellen@bomlo.kommune.no

Kontaktperson frå FOUSAM og sekretær

Sølvi Heimestøl, rådgjevar FOUSAM

E-post: solvi.heimestol@helse-fonna.no

Medlemmar

Bårdsen, Kjersti Rikke Nygaard, funksjonsleiar Familieambulatoriet Helse Fonna

E-post: KjerstiRikkeNygaard.Bardsen@helse-fonna.no

Jorid Veia Isdah, helse- og førebyggingsjef Tysvær kommune, Hauglandsløftet

E-post: jorid-veia.isdahl@tysver.kommune.no

Nancy Helgesen, spesialsjukepleiar Psykisk helseteneste Sveio kommune, Hauglandsløftet

E-post: nancy@sveio.kommune.no

Åshild Lien, funksjonsleiar BUP Stord, Helse Fonna

E-post: ashild.lien@helse-fonna.no

Gunhild Christine Odland, klinisk pedagog, BUP Haugesund Helse Fonna, (til og med des. 2015)

E-post: gunhild.christine.odland@helse-fonna.no

Ellen Andreassen, funksjonsleiar KIDSA, BUP Haugesund Helse Fonna, (frå des. 2015)

E-post: ellen.andreassen@helse-fonna.no

Reidun Stavland, høgskulelektor, Høgskulen Stord/Haugesund

E-post: reidun.stavland@hsh.no

Laila Stensletten, Brukarutvalet i Helse Fonna

E-post: laila.stensletten@sklbb.no

Wenche Marie Schiefloe, Brukarutvalet i Helse Fonna

E-post: wenche.schiefloe@gmail.com

Kari Vik Stuhaug, familieterapeut Lærings- og mestringssenteret Helse Fonna og Barn som pårørende

E-post: kari.vik.stuhaug@helse-fonna.no

Lars Johan Lysen, kommunelege Tysvær, Helsestasjonsforum for Helse Fonna området og PKO

E-post: lars-Johan.Lysen@tysver.kommune.no

Nora Beth Lunde Nielsen, funksjonsleiar Barneseksjonen, Helse Fonna

E-post: nora.beth.lunde.nielsen@helse-fonna.no

Elin Eggestøl Børve, kommunepsykolog Odda og representant for Hardangerkommunane

E-post: elin.g.e.borve@odda.kommune.no

John Conrad Brandsø, seksjonsleiar Habilitering/læring og mestring, Helse Fonna

E-post: john.conrad.brandso@helse-fonna.no

Aktivitet i nettverket

Møta i ressursgruppa for nettverket

Ressursgruppa har hatt tre møte i 2015, mars, september og desember. I handlingsplanen er det sett mål om 2 møte per halvår. Møta har vore i Haugesund etter medlemmane sitt ønskje. Elektroniske møte har vore vurdert, men ressursgruppa meiner det er viktig å møtast fysisk, i alle fall i starten, for å ivareta prosessen i gruppa, det å bli kjent på tvers av nivå, seksjonar, profesjonar og for å inkludere brukarkompetanse på ein god måte.

Ressursgruppa representerer engasjerte og kompetente personer som er utvalt av sine organisasjonar. Medlemmane har til saman brei og ulik erfaring frå møte med barn og unge. Gruppa har slik eit godt utgangspunkt for å få frem vurderingar kring beste praksis.

I møta har det vore nytta ulike verktøy knytt til Practice development-tenking for å bidra til felles forståing av mandat og gje eigarskap til oppdraget. Respekt for kvarandre sin ståstad saman med tryggleik i gruppa, er ein viktig faktor for å få fram alle innspel. I første møte gjennomførte ein òg ei «risikovurdering» på kva som skulle til for å lukkast og kva som kan hindre dette. Gruppa nyttar møtestrukturen som er utvikla av FOUSAM. Erfaringane så langt er at den bidrar til at deltakarane får svar på sine «bestillingar» til møtet, det er lettare å førebu seg, alle deltar i dialogen, ein får delt informasjon og gir nyttig balanse mellom plenumsdialog og smågrupper. I tillegg vert møta evaluert kvar gong.

Brukarrepresentasjon

Ressursgruppa har to brukarrepresentantar som opplever det viktig og utfyllande å vere to. Dei ønskjer på sikt at ein av dei skal vere ungdomsrepresentant, noko dei håpar kan komme på plass når Helse Fonna etablerer ungdomsråd. Representantane har hatt spesielt fokus på likeverdige tenester i Helse Fonna-regionen, det å sjå somatikk og psykiske helseutfordringar i samheng/som heilheit og samhandling på alle nivå. Vidare har dei løfta bekymringa for nedgang i lærings- og mestringstilbod til barn, unge og foreldre.¹ Dei arbeider med rekruttering av fleire småbarnsforeldre som brukarrepresentantar.

Arbeidsområda for nettverket

Ressursgruppa har ut frå mandatet valt å dele arbeidet inn i hovudområda kompetanse, utviklingsarbeid/prosjekt, pasientforløp/tiltakskjede, og oversikt/informasjon. Det er laga handlingsplan for 2016 som viser korleis ressursgruppa vil arbeide med hovudområda.

Kompetanse

Helsestasjonsforum

Helsestasjonsforum er ein del av Fagnettverk barn og unge og Lars Johan Lysen er kontaktperson frå nettverket. Han rapporterer frå møta, drøfter utfordringar og får innspel til tema frå nettverket. Stein Roar Kringeland, fastlege i Haugesund, tok saman med Lysen initiativ til å etablere Helsestasjonsforum og første møte vart gjennomført 6.mai. Responsen med påmelde frå alle kommunane i regionen, viser at eit slikt helsestasjonsforum er etterlengta og interessant for mange.

Formålet er tredelt:

1. Auka fagleg kompetanse i arbeidet med barn og unge
2. Betre samarbeid mellom ulike faggrupper som arbeider med barn og unge
3. Betre samarbeid over kommunegrensar og samhandlingsnivå

Møta er godkjende som møteserie for spesialitet i allmenntilleggsmedisin med 3 poeng for kvart møte. Helsestasjonsforum er eit fagforum for personell som arbeider med barn og ungdom i aldersgruppa 0-20 år etter Helsestasjonsforskrifta. Samarbeid med spesialisthelsetenesta med faglege innlegg og deltaking i møta er viktig.

¹ Kartlegging gjort av Nettverk for læring og mestring i Helse Vest, om utvikling av LMS-tilbod i alle føretak i Helse Vest frå 2012-2014

Spe og småbarnsdagane

Arbeidsgruppa for arrangementet vart våren 2015 knytt til Fagnettverk barn og unge. Elin Børve, er kontaktperson i arbeidsgruppa frå nettverket. Ho rapporterer frå arbeidet, drøftar utfordringar og får innspel frå nettverket. Nettverket har mellom anna gitt innspel om at frå 2016 bør Medisinsk klinikk i Helse Fonna ved seksjonane Habilitering og Barn, involverast i arbeidsgruppa, det bør òg vere brukar representert. Spe- og småbarnsdagane vart gjennomført for første gong i 2014 i regi av samhandlingsprosjektet «*Dei viktige små*» ved BUP Haugesund, Helse Fonna. Arrangementet var eit svar på fagfeltet sitt behov for auka kompetanse på tvers, om dei minste barna. I 2015 vart arrangementet planlagt og gjennomført av ei arbeidsgruppe på tvers av kommunar og Helse Fonna med BUP, Stord som leiari av arbeidet. Målgruppa er helsesøstres, jordmødrer, barnehagar, pedagogar, fastlegar, personell ved fødeklipp og barneavdeling, BUP, VOP, familiekontor, PPT, barnevern, psykologar og andre som arbeider med barn og familiar. Begge åra har oppslutninga vore god og evalueringa viser at det er ein viktig arena.

Utviklingsarbeid/prosjekt

Prosjekt Barn og unges helsetjeneste

Fagnettverk barn og unge ved ressursgruppa, er referansegruppe for prosjektet Barn og unges helsetjeneste. Ellen Andreassen, funksjonsleiar KIDSA og Elin Børve, kommunepsykolog Odda, er kontaktpersonar inn i prosjektet. Prosjektleiar Ester Espeseth frå BUP Haugesund rapporterer til ressursgruppa i møta, drøftar utfordringar og får innspel frå nettverket.

Formål med prosjektet er å utvikle samanhengande, heilskapelege pasientforløp på tvers av spesialist- og kommunehelsetjeneste. Både pasient, pårørande og fagpersonar treng tryggleik og bevisstgjeringsom kven som gjer kva og når. BUP i Helse Fonna er prosjekteigar, har samhandlingsmidlar frå Helse Vest og samarbeider med FOUSAM. Prosjektet har brei kommune- og brukarinvolvering. Prosjektet nyttar e Legeforeninga sin gjennombruksmetode som inspirasjon for gjennomføring, involvering og samarbeid. 5 forløp er planlagt inn i prosjektet: spisevanskar, autisme, angst, barn 0-3 år og alvorlege traumer. Oppstart jan. 2016 og prosjektperioden går ut 2016

Betre tverrfagleg innsats (BTI)

Fagnettverk barn og unge ved ressursgruppa, ønskjer å følgje utviklinga i vår region og er referansegruppe for prosjektet Betre tverrfagleg innsats. Anne Britt Bjerkenes, leiande helsesøster Haugesund kommune og Sølvi Heimestøl, rådgjevar i Samhandling Helse Fonna og FOUSAM, er kontaktpersonar inn i prosjektet og rapporterer frå arbeidet, drøftar utfordringar og får innspel frå nettverket.

Om prosjektet Betre tverrfagleg innsats

Det er ei stor satsing på BTI i regionen vår og modellen er anbefalt av Helsedirektoratet som utlyser midlar til utbreiing med jamne mellomrom. I vårt område har Haugesund, Tysvær, Utsira og Stord vore modellkommunar, fleire kommunar melder no interesse. Prosjektet handlar om å integrere satsinga i samhandlingsstrukturen i Helse Fonna-regionen.

BTI er system for tidleg å fange opp barn som ein er bekymra for og inneber einlogg og stafettpinne (vite kven som har ansvar for «bekymringa» til ei kvar tid»). Det er ein trappetrinnsmodell der ein prøver å følgje opp på nivå nærast barnet og der alt er i tett samarbeid med foreldre.

Kompetansesentra som RVTS (Regionalt senter for vold og traumatisert stress), RKBU (Regionalt kunnskapssenter barn og unge), Statsped og KORUS (Kompetansesenter for oppvekst og rus), føretaket Helse Fonna og Fylkesmann i Rogaland og Hordaland har alle interesse for satsinga og vil vere med å støtte utviklinga og spreiring av modellen. KORUS vest gjev prosjektleiar og FOUSAM er involvert i prosjektet.

Pasientforløp/tiltakskjede

Samarbeidsavtalane i regionen

Samhandlingsutvalet har valt å knyte faglege nettverk tettare til samarbeidsavtalane ved å involvere nettverka aktivt i evalueringsprosessen. Ressursgruppa har lagt ein plan for si involvering i gjennomgang av avtalene som skal gå føre seg våren 2016. Det er viktig at barn og unge vert teke omsyn til i samarbeidet mellom nivå. Arbeidet startar feb.2016.

Barn som pårørande

Kari Vik Stuhaug representerer Barn som pårørande frå føretaket inn i nettverket. Ho løfter inn utfordringar og innspel til drøfting i nettverket. Det er eit mål for nettverket å bidra til fokus på denne målgruppa, både i prosjekt og samhandling, mellom anna i gjennomgang av samarbeidsavtalane.

Helsepersonellova gjev alt helsepersonell ansvar for barn som pårørande. Spesialisthelsetenesta skal i følge lov ha barneansvarleg på alle avdelingar, dette er ikkje lovpålagt i kommunane. Det er stor variasjon i korleis oppgåva vert løyst i kommunane, nokre har kontaktperson for barn som pårørande, andre ikkje. Både Barn beste og Hauglandsløftet har vore gode samarbeidspartar i arrangere felles fagdagar mellom spesialist- og kommunehelseteneste.

Oversikt og informasjon

Nettside

Fagnettverket er omtala på FOUSAM sine sider med kontaktinformasjon, mandat og handlingsplan. Her finn ein òg informasjon om aktuelle kurs for dei som arbeider med barn og unge.

Informasjonsdeling

Ressursgruppa er samansett av representantar frå alle samarbeidspartar, kommunar, HSH, føretaket og brukarutval. I tillegg er det tett kontakt til barnehage/skule, oppvekst og kultur, noko som legg til rette for god oversikt på «kva som skjer» av prosjekt og utviklingsarbeid, kompetansebygging og samarbeid. Ressursgruppa deler med kvarandre som fast del av møtestrukturen og alle har ansvar for å bringe vidare i sine organisasjonar. Medlemmane nyttar òg e-post til å dele med kvarandre mellom møta. Me ser at nettverket er nytt og treng tid på å bli kjent og brukt av partane. Kommune-representantane representerer fleire kommunar, 1 representerer Hardangerkommunane, 1 Sunnhordalandskommunane og 2 Haugalandskommunane. Dette utfordrar lokal spreiring til sine område og representantane nyttar allereie etablerte fora og samlingar i dette.

For ressursgruppa i Fagnettverk barn og unge
Sølvi Heimestøl, sekretær